

BRUBYGGJAREN

Kyrkjeblad for Eidfjord og Ulvik | Nr. 2 | oktober 2025 | Årgang 67



Kyrkja – ein stad for ettertanke	3
Barnelatter er den finaste latter som fins	6
Frå felestemming til gåsehud	8
Opning av ny minnelund i Eidfjord	10

ULVIK OG EIDFJORD SOKN

Ulvik kyrkjekontor:

Ulvik kyrkjelydssenter, Storøyeni 6, 5730 Ulvik

Dagleg leiarkyrkjeveerje:

Willemina van Manen, tlf. 56 52 68 00 / 958 04 217
wm953@kyrkja.no

Organist:

Edyta Bryk, tlf. 967 42 927, ebryk@interia.pl

Barne- og ungdomsarbeidar:

Jorunn Berge Aarvik, tlf. 452 28 287,
tiljorunn@gmail.com

Kyrkjetenar:

John-Rikard Mandelid
Soknerådsleiar: Guri-Kristina Batta Bjørnstad,
tlf. 907 27 767

Eidfjord kyrkjekontor:

Lægredsvægen 24, 5783 Eidfjord, tlf. 53 66 52 51
post@eidfjordkyrkje.no

Kyrkjeveerje:

Irene Vivali,
irene@eidfjordkyrkje.no

Assisterande kyrkjeveerje:

Tone Felle Nesheim,
tone@eidfjordkyrkje.no

Organist:

Kris Ulita, kris@eidfjordkyrkje.no
Kyrkjetenar: Christian Bouvain,
christian@eidfjordkyrkje.no

Klokkar og barne- og ungdomsarbeidar:

Ingeborg Wijland, ingeborgwijland@gmail.com

Barne- og ungdomsarbeidar:

Tonje Skår,
tonje@eidfjordkyrkje.no

Soknerådsleiar:

Kari Tveit Hovland, tlf. 913 86 874

Sokneprestar:

Eidfjord: Signe Elisabeth Kvåle, tlf. 917 91 233,
signe@eidfjordkyrkje.no

Ulvik: Anne Marthe Ulvik, tlf. 924 35 096,
au237@kyrkja.no

Eller kontakt: Voss kyrkjekontor – prostens,
tlf. 56 52 38 80

Redaksjon for kyrkjebladet:

Ass. kyrkjeveerje Tone Felle Nesheim,
Ann Kristin Steinhovden Wathne, kyrkjeveerje
Willemina van Manen, Guri-Kristina Batta Bjørnstad
og Finn Johan Gjerde

Redaktør: Kari Tveit Hovland,
karihovland1@gmail.com

KONTONUMMER: 3626 26 78029

VIPPS: 661653

Bladpengar for 2025 kr 200,-

Utanbygds kr 300,-

Utanlands kr 400,-

Sokneråda takkar for alle innbetalingar
og gåver til kyrkjebladet.

**Takk til alle gode støttespelarar i
Eidfjord og Ulvik!**

Kyrkja – ein stad for ettertanke

**Det er lenge sidan Olav den heilage fekk æra av
å kristna Noreg. Me har vore katolikkar, og det
måtte ein tyskar til for at me skulle verta såkalla
protestantar.**

TEKST: STEINAR I. BERGO

Kyrkja har ikkje alltid vore styrt av nestekjærleik og omsorg. Ei tid vart kvinner brende som hekser. I Ulvik vart eit ungt par halshogne på Snauholmen. Dei hadde fått eit barn utan å vera gifte. I redsle for straffa for dette, tok dei livet av barnet sitt. Resultatet vart dødsstraff. Så seint som under og etter andre verdskrigen vart kvinner som hadde fått barn med ein tysk soldat, straffa mellom anna med å verta snauklapte og borna var mobba ved å verta kalla «tyskarungar». Dette skjedde medan ein i kyrkja preika om kjærleik.

Ein gong i tida hadde dei kondisjonerte faste stolar, helst langt framme, å sitja i når dei var i kyrkja. Det er blitt annleis i seinare tid, men det gjerne slik at mange ikkje synest dei kan gå utan å gje tydeleg signal, til dømes ved å delta i nattverd. Olav H. Hauge fekk ein gong spørsmålet om han trudde på Gud. Han svara at det varierte frå dag til dag! Det var eit ærleg svar som truleg mange vil skriva under på. Det ligg i begge orda, tru og tvil, at ingenting er bevist!

Då eg var liten, gjekk eg som dei fleste andre, på sundagsskulen. Me tvila ikkje på det Sara Lindebekke fortalde. I den vanlege skulen på Brakanes var kristendommen obligatorisk. Presten kunne som det gjorde i gamle dagar, koma på besøk, og han kunne snakka med store og små i skulen.

Foreldra mine var såkalla «kristelege». Mor mi døydd av brystkreft då ho var 48 år, og eg 14. Ho døydde med ein «velsigna duk» på bringa i trua på at den skulle gjera henne frisk. Trass i at far min hadde arbeidd hardt i oppveksten, seinare i seks tøffe år i Amerika, og som bonde på Berge, levde han til han var 85. Han fylgde oss til sundagsskulen og køyrde oss til kyrkje med hest og slede på juledag. Etter kvart som me fire syskjena vart større, måtte det verta meir frivillig. Då eg var konfirmert i 1963, vart eg med han til kyrkje. Det tykte han godt om, og han tykte vel at han hadde fått litt skikk på meg då han sa: «No trur eg at du har funne vegen, Steinar!» Lite visste han om at eg hadde fått meg ein kjærast mellom jentene som var begynte for presten! Eg var liten av vokster, men eg var tidleg ute med ein del ting som sprengstoff, GravenA (eit sigarettmerke som Gustav Tveiten selde og me kjøpte til ein onkel), og jenter.

Då eg gjekk i grunnskulen lærde me bibelsoge og pugga salmevers. Eg kan og hugsas at me pugga lekser på skuledoen. Det gjekk greitt, og om

vinteren var der varmt å sitja for oss langvegs-farande med skulebil frå Aurdal. Pugg kom seinare bokstavleg tala i vanry i skuleverket, sjølv om all metodikk syner at evna til pugg, det å læra utanboks, er stor medan hjernen er relativt ung. Det rare er at me som pugga salmevers hugsar dei framleis, og ingen av oss manglar plass under flintskallen eller bustene enno! «Pugg» er vorte eit negativt ord, men å ikkje nytta denne luksustida til hjernen gjev mennesket mykje meir arbeid. For min eigen del vil eg påstå at dersom eg ikkje hadde pugga tysk grammatikk, ville eg ha slite meir på tyskstudiet på universitetet. Her har skulen i 2025 noko å pussa støvet av!

Det er ikkje så lenge sidan kristendommen var eit skulefag. Så vart han brått nesten forboden i skulen, men fekk plass ved sida av andre religionar. Ein lærar må vega sine ord for ikkje å verta kalla forkynnar og stå i fare for å få tilsnakk av foreldre eller skulen.

Det er vorte mange ulike religionar i samfunnet. Me godtek dei og hjelper dei gjerne med «Gudshus». Det er ok, men kva med vår 1000 årige tradisjon? Er ikkje kristendomen ein viktig del av saga vår? Det er vel ikkje snakk om forkynning. Men skal me verta bevarte som folk i desse mangfoldtider, må me ikkje gløyma saga vår. Det er i dag framleis mange kristne som besøkjer kyrkja. Mange går ein gong i mellom, gjerne ved særlege hendingar. Nokre går av og til og kjenner på at dei ikkje høyrer til der. Då vil eg minna om Kong Olav. Han sa ein gong: «Kyrkja er ein fin stad for kontemplasjon!» Kontemplasjon er eit fint ord for ettertanke. Erling Kagge gjekk åleine over Sørpolen og skriv om kor viktig det er å ha tid til ettertanke, særleg i vår tid. Han skriv at vår larmande tid er fylt av inntrykk som uroar og hindrar viktige tankar. Det er avgjerande å finna rom til ettertanke. Han hadde god tid til det på Sydpolen, meiner den kan finnast i ei by òg. Kyrkja er ein slik stad, jamfør Kongen!

Eg er filolog, men i mi tid i skuleverket måtte eg nokre gonger undervisa i kristendom. Det var ikkje noko stort problem. Men eg vart for ein del år sidan konfrontert med ein kristendomstime av ei jente frå Granvin. Eg hadde stilt spørsmålet om Gud måtte ofra Judas for å utføra planen sin med å krossfesta Jesus. Spørsmålet hadde sett i gang tankar, som ho hadde hatt med seg vidare. Om eg skulle ha «halde kjeft» eller ikkje, vart ikkje nemnt. Det ligg i ordet «tru» at ein veit ikkje, og det same gjer ordet «tvil».

Eg vart vald til soknerådet i Ulvik for lenge sidan. Etter dei fyrste fire åra sa eg frå meg attval. Så vart eg vald på nytt ei tid etter fredingstida var over. Tanken på at dei kunne ha fått ein betre representant, slo meg. Eg var i årevis ein slags redaktør for kyrkjebladet Ulvik-Granvin og Ulvik-Eidfjord. Det førte meg ofte til kyrkje for å skriva og ta bilete. Seinare har eg av naturlege grunnar ikkje vore så ofte. Eg meiner at

Kong Olav sa noko viktig. Ein treng ikkje lata seg pressa til å vera slik eller slik, men gjerne velja ein time til kontemplasjon!

Det viser seg når noko særskilt hender folk, gjerne noko trist, så er kyrkja staden folk søkjer til. Der finn ein tid til ettertanke og opplever omsorg.

Skal me vera norske og bevare vår identitet, så må me ta vare på og formidla saga inkludert kyrkja. Eg trur det er viktig for å akseptera og ta godt vare på nye folk med ei anna tru, men utan å ta vare på vår eiga tru og soge, vert me usynlege! Så får det vera opp til kvar og ein kva ein tenkjer og trur. I gamledagar gjekk folket på Hjeltnes på isen over til sentrum. Dette vert fortalt om ei som skulle gå på utrygg is. Ho la i veg medan ho sa:»Eg trur, eg trur...» Så brast ho gjennom isen, og då ropa ho høgt: «Da va da eg trudde!» Lukke til både med tvil og tru!!

Frisk luft og fine tonar

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

BILETE: ASLE ØYDVIN

1. pinsedag skein sola på morgonen, og det var duka for utegudsteneste med barnedåp ved gapahuken langs elva i Simadal. Prest Signe hadde talen klar på ark som flagra i vinden, men Christian var kjapp og berga dei før dei blas på elva. Ca. 40 personar fann vegen til Simadal denne føremiddagen. Det vart ei fin stund sjølv om det kom nokre regndråpar. Vesle Solveig fekk nok både regnvatn og dåpsvatn i håret denne dagen. Etter gudstenesta var det kaffi og sjokoladecake til alle medan drøsen gjekk lett.



Stafettpinnen har bytta hand!

Trusopplærer Manuela Bjotveit har pakka kofferten, eller i alle fall arbeidsveska, og flytta basen sin til Kinsarvik. Heldigvis skal me sjå ein del til henne, for samarbeidet held fram – jamnt og godt!

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE



Trusopplærer Manuela Bjotveit skal arbeide mest i Kinsarvik og Utne, men samarbeidet med Eidfjord kyrkje held fram.



Ingeborg Wjland sin «bestefar» vert med på Happy-tirsdag.

Skal ein beskrive Manuela er det kreativitet, ro og eit fantastisk lag med barn og unge det første ein tenker på. Ho er eit oppkomme av gode og ikkje minst gjennomførbare idear. Ho får born og unge til å føle seg velkomne og om det blir litt bråk, ja så takler ho det også! Ho er ein fantastisk kollega og venn. Ho lar seg ikkje stresse om ho har venta 15 til middag, og det kjem 50. Ho er like roleg. Der har nokon av oss andre noko å lære;) Me ønsker Manuela alt godt!

Medan Manuela nå skal arbeide mest i Kinsarvik og Utne tek Ingeborg Wjland over stafettpinnen her i Eidfjord. Med seg har ho Tonje Skår. Desse to er ikkje akkurat kjent for å sitte med hendene i fanget, så me går spennande tider i møte. Nokre aktivitetar vert sjølvstekt med vidare, men det blir også nye.

Nytt nå til å begynne med er Happy-tirsdag. Det skal vere kvar 2. tysdag i månaden. Det er for deg som går i 6. 7. og 8. klasse. Kom til kyrkja rett etter skulen, så finn me på noko i lag. Her blir det aktivitetar i fleng – alt frå matlaging med gjester til fotokurs og anna sprell. Her er nesten alle moglegheitane opne. Me finn ut i lag med ungdomane kva Happy-tirsdagane skal innehalde. Ingeborg sin bestefar, som du ser på bildet, var klar i god tid. Han sovna mens han venta på ungdomane.

Første tysdag ut var 9. september og heile ti ungdomar kom. Det var fyr i bålpanna og me grilla pølser og marsmallows, og det var god stemning i gruppa. Mykje moro skal det bli utover hausten. Følg med på Facebook og heimesida vår! Der vil me legge ut informasjon om nye og gamle tilbod.

Konfirmantar som skal konfirmerast i Ulvik 30. mai 2026

Agnete Nedrevåg Espelid
Konrad Plonska Mediå
Hanna Netland
Mette Saga Evelinn Tveit
Eirik Østraat



Sundag 7. september vart konfirmantane presentert i gudstenesta. Dei fekk utlevert sin eigen Bibel. Men gler oss til å fylgja denne fine gjengen dette året!

Let`s chill out

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Det er tysdag 9. september og klokka er litt over to. Fleire ungdomar har funne vegen til Eidfjord kyrkje – der skal det nemleg skje noko nytt. Dei veit ikkje heilt kva det er, men dei er nysgjerrige nok til å prøve. Ein gut spør: Må eg vere med? Eg var jo her i fjor. Nei, svarar eg, du må ikkje, men det er ikkje det same som i fjor. Me skal bare kose oss, og ikkje snakka om Gud. Å, ja, då blir eg med, seier han. Av går sykkelhjelen, og ryggsekken forsvinn bort i eit hjørne. Ti ungdomar kosar seg rundt bålpanna med grilling av pølser og marsmallows, og med all slags leikar dei finn på sjølve. Dei nyter samveret og tid til ein prat. Rundt klokka 16 er det tid for å gå kvar til sitt. Når er dette igjen? blir det spurt om. 14. oktober, rett etter haustferien. Fint, eg er med. Så er det brått stille att kring kyrkja vår. Det vart ein vellukka første Happy-tirsdag.



Happy-tirsdag med bålkos og marshmallows.

Konfirmantane skal på leir

7.–9. november dreg konfirmantane i Eidfjord og Ulvik på leir til Helgatun i Myrkdalen. Der skal dei vera saman med konfirmantar frå Granvin, Kinsarvik, Lofthus, Utne og Jondal. Dette er eit godt samarbeid mellom dei ulike sokna! Me gler oss til å høyra meir om kva dei har opplevd og korleis dei har hatt det! Me satsar på ein liten rapport og bilete i neste utgåve av Brubyggjaren.

Informasjon om konfirmasjonsdato i Ulvik kyrkje

Soknerådet i Ulvik har vedteke fylgjande:

Konfirmasjonsgudsteneste 2026:

Laurdag 30. mai kl. 11.00

Frå og med 2027 vert det som tidlegare anna kvart år fyrste og andre helga i mai.

Konfirmasjonsdato 2027: Sundag 2. mai kl 11.00

Barnelatter er den finaste latter som fins

Det finn ikkje nokre betre for sjela enn å høyre barnelatter. Er du ikkje einig? Difor er det så kjekt at me kan fylle kyrkjerommet regelmessig med barnelatter i arbeidet vårt.

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Det var ikkje lite som skjedde i Eidfjord kyrkje våren 2025: småbarnskafé, minikyrkje, tårnagent, påskeaktivitetar, minikonfirmantar, våraktivitetar og agentklubb. Småbarnskafé, minikyrkje og agentklubben er våre regelmessige arrangement som går kontinuerleg heile året.

SMÅBARNSKAFÉ

Småbarnskafé er ein fast møtestad for småbarnsforeldre i Eidfjord. Denne våren hadde me åtte mødrer inno med sine barn. Veldig kjekt. Det vart felles lunsj og god tid til ein prat og å bli kjent med kvarandre. Ei og anna songstund rakk me òg. Til hausten startar me opp att med småbarnskafé kvar onsdag frå september (utanom skuleferie). Nøyaktig klokkeslett vil du finne på heimesida til Eidfjord kyrkje. Alle



«Minikyrkje» produserar kreative ting.



«Minikyrkje» fekk besøk av deltakarar frå «Ferie utan koffert».

som er i permisjon med eit småbarn er hjarteleg velkomne, uansett om du bur i Eidfjord eller Ulvik. Ein må ikkje vere medlem i den norske kyrkja for å vere med.

MINIKYRKJE

Minikyrkje er eit fast arrangement for barnefamiliar i Eidfjord. Kvar første torsdag i månaden er det tid for felles middag, leik og moro i kyrkja og ei samling til avslutning. Denne våren var ikkje unntak. Me rakk fem samlingar. Mange familiar tok turen til kyrkja. Det vart mykje leik og latter. Kvar gong fekk barna produsere nokre nye kreative ting, som for eksempel sommarfuglar eller små pappløver. Juni-minikyrkje var litt spesiell. Her skulle det vere sommarfest. Nokre deltakarar frå «Ferie utan koffert» kom på besøk. På grunn av vêret vart det inne i kyrkja. Det vart ein kjempekjekk ettermiddag likevel. Det var siste minikyrkje med Manuela. Men ikkje fortvil, Ingeborg er her og det blir minikyrkje frå september att. Kom, kom.

AGENTKLUBB

Agentklubben har bytta namn til aktivitetsklubben og har blitt ein fast del av det månadlege programmet vårt i kyrkja. Siste tysdag i månaden kjem nokre 1.- 2. og 3.-klassingar for å løyse mysterier, leika i lag og vere kreative. Det er kjekke samlingar med mykje moro. Både ungane og me vaksne gler oss til kvar gong.

Utover dei regelmessige tilboda har me òg ein del prosjekt som me tilbyr ein gang i året eller går over ein kortare periode:

TÅRNAGENT

Planleggingsdagen i februar var alt annan enn kjedeleg for nokre 3.- og 4.-klassingar. Som agentar tok dei nemleg over kyrkja. Me varma opp med hinderløype i kyrkja og nokre konkurranseleikar. Etterpå gjekk me på symboljakt. Jammen er det mange hemmelege og kanskje litt rare symbol gøymt i kyrkja. Signe kom og viste oss kva ein prest har på seg under gudstenestene. Pizza til lunsj gjorde oss gode og mette. Då var me klare for å utforska gamlekirkja. Finn me att nokre symbol der òg? Og så måtte me sjølvstekt ein tur opp på loftet. Alle var modige nok til å koma seg opp. I mørket sat me rundt

små telys og hørde om dei første kristne som måtte møtast i skjul. Song vart det òg.

Dagen vart avslutta med ein is framfor gamlekyrkja. Det var ein veldig kjekk dag, syns me alle.

MINIKONFIRMANTAR

Minikonfirmantane våre hadde to samlingane i vår. Alle gleda seg til høgdepunktet – leir i lag med Kinsarvik sokn og Ullensvang sokn. Denne gongen var leirplassen på Bu. Bu grendahus var god å ha som base. Det var tidleg i mars, og ganske kaldt om natta. Litt regn var det òg, men det var ikkje noko hinder. Me var mykje ute. På ein tur rundt indre Bu fekk me på forskjellige stasjonar høyre om påskeevangeliet. På slutten fekk alle planta seg nokre solsikkefrø. Etter turen var det godt med litt inneaktivitet og alle fekk ei notatbok. Etter middagen var det tid for teatersport. Ungane viste stor innsats og hadde det kjekt. Dagen blei avslutta rundt bålet. To lavvoar stod klare til å sove i, men ikkje alle hadde lyst til å overnatte der. Nokre var med kun på dagtid, og nokre føretrakk å sove i grandahuset. Trøytt var me alle på søndagen. Då var det godt at sola kom fram etter frukost, slik at me fekk avslutta leiren med ei kort og fin ute-gudsteneste i lag med foreldre og sysken.

PÅSKE MED BARN

Påske kjem kvart år og det gjer òg påskevandringane våre. I år hadde me gleda av å ta imot to barnehagegrupper. Påskeforteljingane er like kvart år, men likevel er det på nytt spanande det som skjer. I år fekk borna smaka på oblatane (brød som vert delt ut under nattverd) når me fortalte om det siste måltidet.

3.- og 4.-klassingane vart òg inviterte til påskevandring. Her var me både inne i kyrkja og utanfor kyrkja på vandring. Det vart til og med tent bål i kyrkje-hagen. Marshmallows med mariekjeks er jo aldri feil. Glade ungar reiste heim etter ein kjekk ettermiddag med kvar si pynta blomsterpotta i hendene.

VÅRAKTIVITETAR

Under våraaktivitetane for 1. og 2. klasse var tema eigentleg kvifor me feira Kristi Himmelfart og pinse. Men etter me

hadde høyrte forteljinga, konkurrert i pil- og ringkast og pynta steinane, vart plutselig tårnbygging i Babel hovudfokus. Kor høgt tårn kan me byggja? Kan me byggje inn eit av barna? Jammen klarte dei det. Og jenta forsvann fullt og heilt inn i tårnet. Det var eit bråk når tårnet raste saman og ho kom seg ut att – men kjekt var det!

Vil du få informasjon når det skal skje noko for familiar i Eidfjord kyrkja? Ver med i Messenger-fellesskapet vårt for å alltid vere oppdatert:



Tårnbygging med jente inni byggverket.



Tårnbygging i Babel vart fokus på våraaktivitetar for 1. og 2. klasse.





Dans i midtgangen til tonar av hardingfeler, toradarar og fløyte.

Frå felestemming til gåsehud

Landskappleiken er over, og me sit att med ein god følelse og ei antydning til øyresus.

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Det var full fart i begge kyrkjene desse junidagane. I gamlekyrkja var det to strålende konsertar medan nyekyrkja vart forvandla til tevlingsarena i tre dagar. Mykje folk og liv på kvar einaste tevling var det. Nesten litt mykje lyd for kontorrottene då tevlarane på hardingfele bruka kyrkjekontoret til felestemming. Timevis med felestemming som bakgrunnsmusikk til budsjettarbeidet... Treng eg sei meir? Høgdepunktet i kappleiken var utan tvil Folkemusikkmesse. I alle fall for oss i kyrkja. Det var ei oppleving av dei sjeldne. Det er ikkje ofte det er dans i Eidfjord kyrkje men under Folkemusikkmesse skjedde det opp til fleire gongar. Det spratt opp nokre lettbeite hardingar som dansa i takt med musikken langs etter midtgangen. Rannveig Djonne med sine disiplar på hardingfeler, toradarar og fløyte leverte til terningkast 10 av 6. Sevinj Asgarova Øvrehus, som til dagleg jobber i Kvam kyrkjer, var inne som organistvikar, og Toneskredo med fleire song vakkert. Det var faktisk så me tilhøyrarar tidvis kjente håret reise seg på armene. Ruth Lillegraven heldt preika, klok og nær med ord frå si eiga bok. Ved roret sto Leni Mæland og styrte heile messa med stø hand.

Takk til Landskappleiken og alle som kom!



Dans på Folkemusikkmesse.



Toneskredo syng på Folkemusikkmesse.

Me gløymmer deg aldri

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

Fyrste søndag i november samlast me til minnegudstenester i kyrkjene våre. Denne dagen er for å minnast dei me saknar – born, søsken, foreldre, besteforeldre eller andre som har hatt ein viktig plass i livet vårt.

Det blir sagt at sagn er kjærleikens pris. Dette stemmer godt; me kan ikkje kjenna på sorg utan først å ha kjent på kjærleik. Difor gjer det vondt når nokon manglar. Nettopp fordi dei gav oss glede, nærleik og meining mens dei levde.

Å leva med sagn er ikkje lett, det minner oss om kor verdifulle minna er, samtidig kan det opna for håp, trøyst og styrke.

Minnegudstenestene på allehelgensdag er meint for alle, også for deg som ikkje nyleg har mista nokon. Her er det rom for å tenna ljøs, minnast, finna fellesskap og dela både håp og sorg.

I Ulvik starter gudstenesta kl. 16.00, og i Eidfjord kl. 18.00

Du er varmt velkomen!

**«Mitt hjerte bærer preg av din
kjærlighet, en flamme som en gang
brant så klart. Men tiden, med sin
nådeløse hastighet,
har etterlatt et rom som nå er bart.»**

AI



Toneskredo

Toneskredo byrja haustsesongen måndag 1. september, med god stemning, nye medlemmer og sjølv sagt mykje god musikk! Vi er allereie i gang med å førebu oss til alt som skal skje det komande året, nemleg julekonsert og musikaloppsetning.

Toneskredo har i mange år hatt sin tradisjonelle julekonsert i Eidfjord kyrkje. Denne kjem også i år, så de kan allereie sette av datoen i kalenderen: 14. desember! Vi lover ekte julestemning!

Dirigent er fortsatt Tom-Jarle Istad Kristiansen, som kjem køyrande ned frå Voss. Med seg i bilen har han musikalsk engasjement, song-glede og smittande latter. Å ha ein dirigent som klarer å skape så god stemning, samtidig som har får oss til å skape så flott musikk, er rett og slett einestående. Som ein av dei nye sa på fyrste øving i haust: Eg merka med ein gong, at her er ein god plass å vere!

Tom-Jarle dirigerer også Vik Songlag og Vossagospel, og til våren skal vi nok ein gong ha eit større musikalsk samarbeidsprosjekt med dei. Det vert to øvingshelger saman og ei konserthelg, så det gler vi oss til. Temaet sist var gospel, no går vi for musikalar. Vi har allereie byrja å repetere nokon gode gamle ABBA-låtar, og repertoaret skal utvidast med eksempel frå mange ulike musikalar. Her blir det mykje feel-good musikk!

Høyres dette ut som noko du hadde likt? Kom innom oss ein måndag! Vi øver måndagar i partallsveker kl.19-22. Øvingane finn stad i Eidfjord kyrkje, men koret er ikkje tilknytt kyrkja. Vi har ulikt repertoar gjennom året, og deltek på ulike oppdrag og arrangement.

Velkommen til oss i Toneskredo, og velkommen til julekonsert i Eidfjord kyrkje 14. desember

Alle barn kan komme



Jesus sine venner krangla. Kven var den viktigaste blant dei i Guds rike? Dei lurte fælt på kven det kunne vere. «Det er eg!» sa Jakob. «Nei, det er ikkje deg,» sa Peter. «Det er eg!» «Tull og tøys!» protestera Matteus. «Eg er den smartaste!» «Nei, det er du ikkje, så!» «Jo, det er eg, tenk!» «Nei!» «Jo!» «Eg òg!» Sånn heldt dei på og kjekla ein lang stund. Vennene hadde nemleg byrja å tru at dei måtte gjere noko for å bety noko for Jesus. Dei tenkte at viss dei berre var den smartaste eller flinkaste eller noko slik, så ville dei bli favoritten til Jesus. Men dei hadde gløymt kva som eigentleg var viktig. Noko Gud hadde lært sitt folk gjennom alle desse åra, nemleg at det spelar ingen rolle kor smart du er, kor flink du er, kor rik du er eller kor viktig du er. Guds kjærleik er ei gåve, og heile poenget med ei gåve er jo at den er gratis. Alt du treng gjere er å rekkje ut hendene og ta imot.

Så mens vennene krangla, hadde nokon som visste mykje om det å få gåver – ja, dei var nærmast gåveekspertar – kome for å møte Jesus. Kven dei var? Dei var små barn.

Hjelparane til Jesus forsøkte å sende dei bort. «Jesus har ikkje tid til dykk!» sa dei. «Han er altfor sliten!» Men der tok dei feil. Jesus hadde alltid tid til barna. «De må aldri sende barna bort!» sa Jesus strengt. «La dei komme hit til meg.»

Tenk om du hadde vore der. Trur du at du måtte ha stått stille i kø for å treffe Jesus? Trur du Jesus hadde spurt kor snill du hadde vore før han ga deg ein klem? Trur du at du måtte oppføre deg superfint? Og kle deg i dine finaste kle? Og ikkje seie noko før han snakka til deg?

Eller hadde du gjort som desse barna – sprunge rett bort til Jesus og latt han løfta deg, snurre deg rundt og klemma deg, før han sette deg

på fanget sitt og hørde på det du hadde å fortelja?

Barna elska nemleg Jesus, og dei visste at dei ikkje trong gjere noko spesielt for at Jesus skulle elska dei. Alt dei trong var å springa inn i armene hans. Og det gjorde dei. Etter å ha leikt og ledd med barna, snudde Jesus seg mot hjelparane sine og sa: « uansett kor store de blir, må de aldri bli så store at de mistar barnehjarta – det som er fylt av tillit til Gud. Ver som desse barna. Dei er dei viktigaste i mitt rike.»

Teksten er frå boka «Bibelen forteller om Jesus. Hver fortelling hvisker hans navn» frå Sally Lloyd-Jones





Barnas

LABYRINT

Kan du hjelpe guten gjennom labyrinten slik at han kan gi fiskane og brøda sine til Jesus?



Vits

- Veit du kor mykje klokka er?
- Ho er i alle fall ikkje fire.
- Korleis veit du det?
- Jo, for eg skulle vere heime klokka fire, og det er eg jo ikkje.

Teikningar: CLAUDIA CHIARAVAILOTTI

FARGELEGG


Her gir nokon barn to fiskar og fem brød til Jesus. Jesus brukte det til å gi mat til 5000!



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00



KRYSSORD

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å komme fram til løysingsordet.

Du finn Bibelen på internett også! Sjø bibel.no

Bygning i Lukas 2,46	1.								
Disippel i Johannes 20,26	2.								
Bær i Matteus 7,16	3.								
4.									
Tal i Matteus 26,15									
Landområde i Markus 16,7	5.								

Vits

Mannen tok på seg reine sokkar kvar dag. Til slutt fekk han ikkje på seg skoa ...



Opning av ny minnelund i Eidfjord

Onsdag 24. september var det endeleg tid for opning av den nye minnelunden i Eidfjord. Det var mange som møtte fram til opninga, og sjølv om det var kaldare i lufta, kunne ingen klaga på det flotte været. Kari Hovland, leiar i soknerådet, leia opninga.

TEKST: EIDFJORD KYRKJE

Det var ordførar Timo Knoch, som klypte snora. Han takka for innsatsen til alle som har bidrege i arbeidet med minnelunden og trakk fram at ein på 1800-talet laga parkar knytt til kyrkjegardane i Europa og Amerika. Dei var i mange byar dei første offentlege parkane. Ein kan finna ro blant tre og steinar og minnast dei ein saknar, uansett kor dei ligg gravlagt. Kyrkjevevje Irene Vivelv var òg opptatt av dette, og inviterte bygda til å bruka minnelunden. Ho peika på fuglevet og augestikkarar som flyg rundt dammen. – «Det er ein ro her, så bruk han», oppfordra ho. – «Kom hit bort, ta

deg ei fristund, tenk og finn roen». Prosten i Hardanger og Voss prosti, Arild Hellesøy, delte assosiasjonar til det rennande vatnet og brua som bitt dei to delane saman, kjensla han fekk når han kom inn i minnelunden. – «Alt i alt ein vakker stad, der ein kan tenkje over mange ting», avslutta Hellesøy.

Nemda som har jobba i lag med Irene Vivelv og Tone Nesheim ved kyrkjekontoret, vart oppnemnd av soknerådet, og desse har vore: Kari Hovland, Hans Hellevang, og Ann Kristin S. Wathne. Ann Kristin takka på vegne av nemnda alle støttespelarar



Ordførar Timo Knoch.



Rannveig Djonne kasta glans over opninga med toradaren sin.



Prosjektet er støtta økonomisk av Sparebankstiftinga og Eidfjord kommune. I tillegg har soknerådet brukt gåvefond – i si tid gitt av systrene Guri og Brita O. Maabø og Guro Lægveid.



Det er plass til 96 urner og minneplater i minnelunden. Det vil også vere mogeleg å flytta namn frå gravstein til minneplate i minnelunden. Det er plass til to namn på kvar plate. Ved namneplatene vil det også bli plass til å setje ned blomar og tenne ljøs.



Prost Arild Hellesøy.



Prosjektleiar Harry Dijkstra.

under vegs. Staben, og særleg kyrkjetenar Christian Bouvain, har vore til god hjelp for prosjektansvarleg Harry Dijkstra. Ho takka også alle som stilte opp på dugnad, når kyrkja inviterte til dette. Det vart ein ny giv og til inspirasjon for dei som jobba med prosjektet til dagen. Ein særskild takk gjekk sjølvstilt til Harry, som har vore lydhør for kyrkja sine ønskjer i utforminga si. Utan han hadde ikkje dette vore mogeleg. Harry fortalde om sine tankar i utforminga av minnelunden. Han har teke utgangspunkt i eidfjordingane si tilknytning til Hardangervidda som inspirasjon for minnelunden. Vidare har mangfald og gjenbruk vore viktig for han. Han takka for samarbeidet med staben i kyrkja og den støtta dei har vore undervegs.



Etter opninga venta ei flott kake og kaffi å varma seg på.



Foto: Hardingfilm

Bygdasongen

Hardingfilm i Ulvik ved filmskapar Vigdis Nielsen har sidan våren 2023 utvikla filmen Bygdasongen.

TEKST: GEIR NETLAND, PRODUSENT HARDINGFILM

Planen å få ferdig ein dokumentarfilm for kino i 2026. Bygdasongen handlar om dei gode karane i mannskorset «Kor so helst», om kameratskap, songglede og fellesskap. Vigdis har lang filmerfaring og er mest kjent for «Olav H. Hauge; den andre mannen» og «Kampen om fjordane». Også denne gongen har ho med seg den dyktige fotografen Tore Volla («Ibelin», «Krigere» m.m.).

Filmteamet har filma koret på toppen av Vassfjæro, der dei etter ein lang og strabasjøs tur syng; «Um via eg har fare, um være e vi, so e du å so vette du heimbygde mi. Um sjøle eg so heimlausa vanka.» Dei har rodd på fjorden i Hjeltnesgarden sin gamle brurabåt og hatt bryggekonserter i Solheimsvika. Dei har sjarmerert publikum på Finsejazz med spontankonsert, og skapt stor begeistring når dei song med Djupvik og Tomren i Kvennaddokke i juli 2023. Tradisjonen tru har dei sjølvstilt framført Ulvikasongen på Elvatun 17. mai.

Bygdasongen er også ein film om samhaldet og dagleglivet i Ulviksamfunnet, både til kvardag og fest. Hardingfilm har vore so heldige å få filma i den vakre Ulvikkyrkja ved eit par anledningar. Kåre Olai Solheim er med i «Kor so helst», og i sommar gifta sonen Geir Inge seg med si kjære Camilla. Ei vakker høgtidsstund med familie og vener.

Filmteamet fekk òg vera med tidlegare prest Ivar Bu Larssen, når han etter fleire år ute av presteembetet, kjem tilbake til dette kyrkjerommet som har betydd så mykje for han.

Stor takk til sokneprest Anne Marthe Ulvik og kyrkjevevjer Wilma van Malen for positiv velvilje og tilrettelegging.



Uren, luren, himmelturen

Etter ein veldig fin sommar var det plutselig september. Det var på tide å invitere reisefølget til Ferie utan koffert.

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE

Me skulle til eit småbruk på ei berghylle. Plassen heitte Uren Luren Himmelturen, steinrøys, steinrøys sveltihel. Ja – kanskje var det framleis slik på 60-talet?

Faktisk ikkje. I alle fall ikkje slik det var framstilt på dokumentaren frå NRK om Kjeåsen som me såg før me reiste. Jammen var det eit idyllisk syn. Nesten så ein skulle ønske ein var det på den tida. Me kunne nok i teorien gått opp berget slik dei gjorde i filmen, men me gjorde ikkje det. Me køyrde - i flokk og følge.

Tenk om vinteren kunne det ofte gå over fjorten dagar uten at dei såg folk der oppe. Den dagen me var til Kjeåsen kikka sola fram og ønska oss velkomen. Me kosa oss med utsikten, og fekk panoramautsikt til at cruiseskipet AIDAprima kom siglande inn fjorden. Ein fin start på den nye sesongen med koffertfri ferie.

Me anbefaler deg ei stund i nostalgien teikn. Gå til NRK TV si nettside og søk på Kjeåsen. Då forstår du kva me snakker om.



Ferie utan koffert til Kjeåsen.
Gjengen nyt panoramautsikten med cruiseskipet AIDAprima.



Det har nett vore Stortingsval der heile landet har delteke. TV-sendingar og avisoppslag med valkamp og diskusjonar. Men det har og vore eit mindre val, der eg vart ny leiar i Ulvik sokneråd. Ikkje store valkampen, men eg vil prøve å gjere så godt eg kan.

Kven er så eg?

Namn: Guri-Kristina Batta Bjørnstad

Alder: 51 år

Sivil status: gift. 3 + 2 born,

2 svigerborn og 3 barneborn

I 2000 gjorde eg eit val om å søkje på stillinga som Avdelingsleiar i planteskulen og lærar ved Hjeltnes Gartnarskule. Eit godt val synest eg. Før intervjuet las eg om Ulvik i Store Norske Leksikon – ikkje på Internett, og fann ut at Ulvik var omtrent dobbelt så stort som heimkommunen min Skiptvet i Østfold, og at det var halvparten så mange innbyggjarar. Tenk om alle hadde vorte like godt motteke i ny jobb som meg! Eg trivdest godt med plantar, blomar, jord og menneske og traff snart ein

kjekk sauebonde. Han var det ikkje lett å flytte på, så eg valde å bli verande i Ulvik.

Før eg fekk ungar tok eg eit val då eg vart med som klubbbrådgjevar i Gløgg 4H i Ulvik, den eldste klubben i Hordaland som er 70 år i år. 4H er ein flott organisasjon for barn og unge der ein gjer aktivitetar og lærar ting i lag på tvers av kjønn og alder. Er det noko eg fortsatt håpar på, så er det at fleire unge får gode opplevingar i 4H.

Jobben som lektor ved Hjeltnes Gartnarskule og etter kvart Hjeltnes vidaregåande skule var spanande, inspirerande, lærerik men og krevjande – på ein god måte. Gartnarar, blomedekoratørar og anleggsgartnarar stod på timeplanen min. Etter kvart kom også Vaksengartnar. Dei underviser eg framleis i Ulvik, no med studiestad Hjeltnes. Eg underviser óg ungdommar ved Voss vidaregåande skule som ynskjer å verta agronom. Utanom jobb har sjølvstekt ungar

og familie vore viktig. Når det gjeld sauehald er eg med på det som er kjekt: lamming, tilsyn i fjellet og sanking. Eg stortrivst i Slondal, mitt paradys på jord.

Vervet i Ulvik sokneråd er spanande. Ikkje visste eg at det var så mange saker å handsame og meine noko om. Det er trygt å ha både erfarne og forholdsvis nye folk med i soknerådet. Eg ser fram til å verta endå meir kjend med oppgåvene, og oppgåvene som Willemina van Manen (Wilma) gjer på soknekontoret. Dei er mange og varierte! Eg ser óg fram til å verta endå meir kjend med oppgåvene til presten vår Anne Marthe Ulvik. Store saker eg veit kjem er å få pengar på plass så kyrkja kan målast og utvikling av minnelund. Det er ditt val å ta kontakt om det er noko du vil soknerådet kan hjelpe med, stort eller lite.

Beste helsing Guri-Kristina



Guri-Kristina sitt paradys på jord, Slondal.

Som dagane går...

Døpte

Eidfjord

Maja Skår
Solveig Rygg

Ulvik

Marit Elisabeth Hjeltnes
Torjus Sæterdal Øydvin
Herman Heggseth
Jakob Johannes Myhre Hjeltnes
Sylfest Bergo-Svennes
Aksel Øydvin Opedal

Vigde

Eidfjord

Margrethe Bu og Tore Tøn
Heidrun Reime Johnson og Jonas Kvale
Lill Ida Næsheim og Aleksander Rasmussen
Marie Louise Raasok og Vidar Botnen
Julia Celina Aase Svåsand og Jarle Børve Sleire
Hanna Dysvik Strander og Sindre Øydvin

Ulvik

Sigrid Hamre og Erling Ulgenes
Yngvil Steine og Kjartan Steine

Avlidne

Eidfjord

Marta E Instanes fødd 1935
Torbjørn Erdal fødd 1944
Ola T Hereid fødd 1926
Hans Severin Litlatun fødd 1941
Elise Garatun fødd 1965 Gravlagt i Granvin
Oddrun Sæbø fødd 1931
Ann-Torill Skår fødd 1956
Grete Møllendal Hereid fødd 1944
Ingrid Kjellaug Hereid fødd 1943

Ulvik

Harald Larsgård fødd 1941
Lilly Margrethe Hammer fødd 1945
Sigrid Solheim fødd 1945
Annlaug Nyløy fødd 1965
Helge Tveit fødd 1977
Sjur Vestrheim fødd 1946

Har du dåpsbarn?

Me minner om at
Eidfjord kyrkje
har dåpskjole
for utlån.

Småborsforeldre
- sjå her!

Supertysdag I Ulvik kyrkje

Ein tysdag i månaden inviterer me born, foreldre og besteforeldre til ein koseleg ettermiddag i kyrkja. Her blir det middag, song og musikk, hobbyaktivitetar og ei lita samlingsstund for store og små. Alt heilt gratis. Du treng heller ikkje melde deg på i forkant. Kom som du er, og nyt ei fin stund saman med andre barnefamiljar.

Hausten 2025 blir det Supertysdag fylgjande datoar:

- 30. september
- 21. oktober
- 18. november
- 2. desember

Samlingane varar frå klokka 16.00 til klokka 18.00.

Har du spørsmål?

Kontakt sokneprest Anne Marthe Ulvik,
tlf. 924 35 096



Gudstenesteliste

vipps

Gåve til Ulvik sokn
#125390



Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Ulvik kyrkje:
125390

ULVIK

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
28.09.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Gudsteneste, nattverd
05.10.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Familiegudsteneste, hausttakkefest
19.10.2025	18.00	sundag	Ulvik kyrkje	Kveldsgudsteneste, nattverd
02.11.2025	16.00	sundag	Ulvik kyrkje	Minnegudsteneste
30.11.2025	18.00	sundag	Ulvik kyrkje	Ljosmesse. Konfirmantane deltek
07.12.2025	11.00	sundag	Ulvik kyrkje	Adventsgudsteneste, familiegudsteneste, skulemusikken spelar
24.12.2025	13.30	onsdag	Ulvik kyrkje	Jolaftangudsteneste
25.12.2025	12.00	torsdag	Ulvik kyrkje	Høgtidsgudsteneste, nattverd

EIDFJORD

Dato	Kl	Dag	Stad	Informasjon
30.09.25	18.00	tysdag	Eidfjord kyrkje	Kvardagsmesse
04.10.25	12.00	laurdag	Eidfjord kyrkje	Dåpsgudsteneste
26.10.25	11.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Hauستakkefest
02.11.25	18.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Minnegudsteneste
30.11.25	18.00	sundag	Eidfjord kyrkje	Ljosmesse
24.12.25	16.00	onsdag	Eidfjord kyrkje	Jolaftansgudsteneste
25.12.25	12.00	torsdag	Eidfjord kyrkje	Høgtidsgudsteneste

Du kan bruka Vipps ved ofringa og ved gåver.

Vipps Eidfjord kyrkje:
127865

Vil du ha SMS med påminning når det er gudsteneste i Eidfjord kyrkje?

Ta kontakt med kyrkjekontoret telefon 53 66 52 51 eller e-post post@eidfjordkyrkje.no, så set me deg på lista!

Basar 2026, Ulvik helselag

Ulvik helselag sin årlege basar vert laurdag 7. mars 2026 i Elvatun.

Me treng gevinstar!

Ta kontakt med Kari Fleten,
tlf. 966 92 561

Aktivitetar i Eidfjord kyrkje

Småbarnskafé (alle som er heime med små barn)
kvar onsdag

Minikyrkje (familiar)
Fyraste tysdag i månaden

Agentklubben (1.-3. klasse)
Omlag ein gong i månaden

Happy tirsdag (for 6.-8. klasse)
Andre tysdag i månaden

Ferie utan koffert (heimeverande og pensjonistar)
Fyrste tysdag i månaden

Vekselbanken i Eidfjord

– din nye, lokale bank?



Me er ein god medspelar for kundane våre i alle livsfasar og situasjonar. Du får personleg service og rådgjevnad i samspel med smarte digitale løysingar. Me set vår æra i å finne gode løysingar kring økonomiske val for våre kundar. Du kan treffa oss på Sentrumstunet i Eidfjord, eller i Vangsgata på Voss. Les meir på vekselbanken.no

Logolink

For ei dame!

TEKST OG BILETE: EIDFJORD KYRKJE



Vår biskop, Ragnhild Jepsen bør verta kåra til Norges trivligaste biskop. For ei dame! Ho har ein arbeidskapasitet det er få forundt og ein evne til å få alle til å føle seg sett, midt i

eit tettpakka program. Biskop Ragnhild var på visitas i Ullensvang i mars. Det var fire dagar med fullt kjø. Frå møte til møte, arrangement til arrangement. Alltid like blid, opplagt og med eit smil på lur.

Ein av dagane samla ho alle dei tilsette i Hardanger og Voss prosti på Utne. Me starta med ei kort samling i vakre Utne kyrkje. Ullensvang ungdomskor song klokkeint og fint for oss. Etter dette vandra me i samla flokk bort til folkemuseet. Der fekk me høyre om kvardagen til både diakon, trusopplærar, kyrkjemusikar og prest.



Ullensvang ungdomskor song i Utne kyrkje med blant andre biskopen som publikum.

Vår eigen Manuela snakka om trusopplæringsarbeidet i Eidfjord og Kinsarvik. Mykje av dette visste me kanskje frå før, men å høyre det fortalt gav oss nytt innblikk likevel. Og ikkje minst inspirasjon til å fortsette arbeidet vårt.



Eidfjord



Vårt Fjell & Fjord Hjerte
er takknemlig;



Lokal handel gir livsgnist!

Velkommen til Eidfjord

www.effh.no / 53 66 52 64

MURMESTER
Nils Gunnar
ØYDVIN AS
Mob. 971 85 452 - www.ulvikbygg.no



coop
prix

COOP PRIX
ULVIK

Skeievegen 15,
5730 Ulvik
Tlf: 56 52 61 01

Maskinentreprenør
Arne Osa

5730 ULVIK

TLF. 56 52 64 82
MOB. 91 10 18 95



Me ordnar alt vedrørende dødsfall

Sal og service av gravmonument – Formidling av blomar

Vinsands VİRKE
GRAVFERDSBYRÅ GRAVFERD

56 51 11 94 / 415 54 522
www.vinsand.no

Kinsarvik
BLOMAR AS

pb. 5, 5782 Kinsarvik tlf 53 66 60 64

ULVIK BENSIN & SERVICE
TRANSPORT

5730 ULVIK

Tlf.: 56 52 63 89
Mob. 907 54 533



Konfirmasjon i Ulvik kyrkje 2025

4. mai 2025 vart denne fine gjengen konfirmert i Ulvik kyrkje.

Vårsola skein og la vakre rammer for ein minnerik dag.

**Me vil takka konfirmantane for ei god konfirmasjonstid saman
og ynskjer kvar og ein all mogleg lukke og glede for framtida!**



Bak frå venstre: Julie Grønningsæter Thorsen, Anna-Kristina Batta Solheim, Johan Tveit, Margrete Tellnes Aarekol, Linnea Tveit. **Framme frå venstre:** Øystein Magnus Hamarsland, Ylva Wally Boerilden Polden, Jorid Lunestad Syse, Thea Sofie Bergo, Inga Hjeltne og Mads Bakkan Ådland. Sokneprest Anne Marthe Ulvik